

Styresak

Går til: Styremedlemmer
Føretak: Helse Vest RHF
Dato: 13.01.2012
Sakhandsamar: **Ivar Eriksen**
Saka gjeld: **Val av nye styre i underliggjande helseføretak**

Arkivsak

2011/402/

Styresak 010/12 B

Styremøte 01.02. 2012

Forslag til vedtak

1. Det blir gjennomført føretaksmøte i Helse Førde HF, Helse Bergen HF, Helse Fonna HF, Helse Stavanger HF og Sjukehusapoteka Vest HF for val av nye styre.
2. Som representantar til styret i Helse Førde blir følgjande personar oppnemnd:
Styreleiar
Nestleiar
Styremedlem
Styremedlem
Styremedlem
Styremedlem
Styremedlem
3. Som representantar til styret i Helse Bergen HF blir følgjande personar oppnemnd:
Styreleiar
Nestleiar
Styremedlem
Styremedlem
Styremedlem
Styremedlem
Styremedlem
4. Som representantar til styret i Helse Fonna HF blir følgjande personar oppnemnd:
Styreleiar
Nestleiar
Styremedlem
Styremedlem
Styremedlem
Styremedlem
Styremedlem

5. Som representantar til styret i Helse Stavanger HF blir følgjande personar oppnemnd:

Styreleiar

Nestleiar

Styremedlem

Styremedlem

Styremedlem

Styremedlem

Styremedlem

6. Som representantar til styret i Sjukehusapoteka Vest HF blir følgjande personar oppnemnd:

Styreleiar

Nestleiar

Styremedlem

Styremedlem

Styremedlem

Styremedlem

Styremedlem

Oppsummering

Nye styre i helseføretaka i Helse Vest skal vere oppnemnde innan utgongen av februar 2012. Styra skal i tråd med vedtektene ha sju eigaroppnemnde styremedlemmer. Av desse skal fire medlemmer veljast blant føreslåtte folkevalde kandidatar. Det er gjennomført ei prosess i tråd med dei føringar som er gitt av styret ved behandling av sak 108/11, og kommunar og fylkeskommunar i regionen har vore inviterte til å foreslå aktuelle kandidatar.

Endeleg oppnemning av nye styre skjer i føretaksmøte i helseføretaka. Innkalling vil gå ut til helseføretaka rett etter styremøte.

Fakta

I styresak 108/11 B – *Val av styremedlemmer til styra i helseføretaka – oppnemning av arbeidsutval, prosess og føringar for val av representantar* har styret lagt rammer og føringar for samansetting av nye helseføretakstyre. I saka blei det også gjort greie for prosess, og orientert om at Helse Vest RHF hadde invitert fylkeskommunane og kommunane i regionen til å foreslå egne folkevalde kandidatar.

Kommentarar

Helseføretakslova set rammer for styra sitt ansvarsområde og arbeidsoppgåver. Samansetting og utnemning av føretaka sine styrer er eit viktig eigarverkemiddel. Føretaka er etablert som sjølvstendige rettssubjekt med ansvarlege styre. I dei fem helseføretaka i vår region er det Helse Vest RHF v/styret – i eigenskap av å vere eigar – som set saman og utnemner styra.

I tråd med føretaksmodellen representerer eigaroppnemnde styremedlem i helseføretak ikkje politiske organisasjonar, geografiske område eller andre interessegrupper. Tilsvarande vil gjere seg gjeldande for eigaroppnemnde styremedlem føreslått blant folkevalde. Desse vil i tillegg til sin individuelle kompetanse bringe med seg sin politiske erfaringsbakgrunn, men den einskilde skal ikkje representere særinteresser i styresamanheng.

Med mange forslagsstillarar og endå fleire kandidatar til et avgrensa tal styreverv kan ikkje styresamansettinga basere seg på nokon form for representativitet. I arbeidet med å setje saman dei nye styra må ein leggje vekt på dekning av kompetansebehov og kjønnsbalanse. I tillegg må ein sjå til at det i styra blir utpeikt styremedlemmer både etter forslag frå kommune- og fylkesnivå. Det er også ønskjeleg at styra reflekterer ei spreieing med omsyn til partipolitisk tilhøyring og geografi.

Styresamansettinga skal vere eit resultat av ein heilskapleg vurdering med sikte på å gi det einskilde styret ein samansetting som inneber at det samla innehar den kompetanse som er ønskjeleg, og som styret gjennom tidlegare vedtak har lagt rammene for.

Helse Vest Styret beslutta i styresak 108/11 B å oppnemne eit arbeidsutval med oppgåve å utarbeide forslag til nye styre i helseføretaka. Arbeidsutvalet har per 13. januar 2012 hatt tre møte. Arbeidsutvalet vil i styremøtet presentere sitt forslag til nye styre for helseføretaka.

Vedlegg:

Oversikt over innkomne forslag til kandidatar til styra i helseføretaka.